

Sotra Øygarden Turlag



ÅRSMELDING 2023

TURÅRET 2023



2023 var eit rikt år for Sotra Øygarden Turlag. Etter fleire år med redusert aktivitet som følgje av pandemien kunne me endeleg kome i gang med normal drift igjen. Det har vore mykje variert aktivitet, og godt oppmøte.

Kystpasset feira 10 årsjubileum og dette vart markert på Kom Deg Ut-dagen om hausten. Kystpasset er viktig for innbyggjarane og folkehelsa, og i mars vann me Folkehelseprisen i Øygarden Kommune.

Sotra Øygarden Turlag har hatt samarbeid med andre aktørar, som til dømes vaksenopplæringa, foreninga Nytt Fellesskap, Museum Vest og Husflidlaget, Biblioteket og innbyggjartorget. Dette bidreg til eit rikare og meir inkluderande aktivitetstilbod.



AKTIVITETAR

• KYSTPASSET

I 2023 kunne me feire at det var 10 år sidan det første Kystpasset vart lansert. Dette var eit turtilbod i tidlegare Sund kommune fram til 2019. Frå 2019 har Kystpasset dekkja heile kommunen. I mars vart me heidra med Folkehelseprisen i Øygarden kommune. Sjå meir om dette på neste side.

Kystpasset 2023 vart tradisjonen tru lansert rett før påska. Etterspørselen var stor, så Kystpasset er framleis eit ettertrakta aktivitetstilbod. I 2023 var det 6 nye turmål i staden for 10. Etter at Kystpasset auka i popularitet er det ei utfordring å finne turmål som dekkjer parkeringsbehovet.

I 2023 har me gått meir grundig til verks i dialogen med samtlege grunneigarar på turmåla. Tidlegare har ikkje dette vore praktisert på turmål som allereie var publisert i UT-appen. Etter at den nye UT-appen vart lansert har Sotra Øygarden Turlag overteke ansvaret for turmål som tidlegare var publisert av privatpersonar. Me held på å rydde opp i alle turmåla og avpubliserer turmål der me ikkje kjenner til om det finnast grunneigarløyve. Denne ryddejobben held fram i 2024. Me har hatt eit godt samarbeid med kommunen i utforminga av kartutsnitt. Me har delt ut omlag 17.000 Kystpass i 2023. I tillegg er det mange som nyttar Kystpasset digitalt. Sjå statistikk.

Me ynskjer å halde fram med tilbodet i 2024, men det er behov for fleire frivillige til å gjennomføre arbeidet med utforminga av Kystpasset. Det krevst mykje forarbeid for å sikre god kvalitet på Kystpasset.

Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk til å produsere Kystpasset. Såleis kan me halde fram med å tilby Kystpasset som eit gratis lågterskeltilbod for alle.



| Statistikk Kystpasset i UT-appen | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023* |
|----------------------------------|------|--------|--------|--------|--------|
| Innsjekkingar i UT-appen | 3316 | 21.221 | 27.871 | 18.223 | 21.328 |
| Deltakarar i Kystpasslista | 660 | 2286 | 2585 | 1340 | 1420 |

*statistikk 02.02.2024. Perioden går fram til 04.03.2024.

Liatårnet er mest populær med 1711 innsjekk. Spjeldsfjellet kjem på andre plass med 1338 innsjekk og Rambua på tredje plass med 1248 innsjekk.

Folkehelseprisen

- Nominasjonsteksten frå Sigurd Hope

«Med Kystpasset har Sotra Øygarden Turlag aktivisert mange tusen personar frå Øygarden kommune og mange andre stader i Noreg. I 2021 vart det registrert ca 27.000 turar i "Sjekk-ut appen". I tillegg kjem dei som ikkje registrerte turane på mobiltelefonen. Etter at Kystpasset starta i 2013, er det delt ut mange tusen kystpasshefter og klippekort, ca 18.000 i 2021. Det er laga eit nytt kystpass for kvart år etter starten i 2013. Kwart hefte inneheld informasjon om og kart for 30 turar, jamt fordelt over heile Øygarden kommune. I 2022 er det teke i bruk ein ny app (Ut-appen) for å registrera kvart av dei 30 turmåla. Ein treffer mange folk ute i løypen kvar gong ein er ute på ein av turane. Dei fleste helsar blidt og mange slår av ein prat og kjem med gode råd og erfaringar. Her treffer ein folk i alle aldrar, frå dei som sit i beremeisen til mor eller far til dei som støttar seg til både ein og to stavar. God trim, god balansetrening, oppleving av vår vakre natur er nokre av dei gode argumenta for å nytta Kystpasset. Er ikkje dette folkehelse, so veit ikkje eg. Det er gjort ein enorm innsats for å laga gode stiar fram til turmåla. God merking med skilt og løypemerker. Klopper og trapper for å kryssa ulendt terreng. Tau og rekkverk for å forsera vanskelege fjellknausar. Kvista greiner frå tre og busker som heng inn i stiane. Mange av stiane er lagt innom stader der borna kan leike i naturen. Ein kan finna gode kvileplassar kor ein kan ta seg inn at etter strevsame etappar. Me har eit unikt turterreng i Kommunen vår. Kystpasset har lagt til rette for at alle skal kunna oppleva og nytta alle desse flotte stadane. Sotra og Øygarden Turlag har lagt ned eit enormt arbeid i å marknadsføre Kystpasset. Heilt sidan det først kystpasset kom ut i 2013 er det kvart år laga eit delikat hefte kor ein finn utfyllande informasjon og kart for kvar tur. Heftet har blitt finare og betre for kvart år. Det er laga fantastisk flotte videoar og biletseriar som ligg på Internet som viser kva ein kan oppleva når ein nyttar stiane i Kystpasset. Nokre av turane vert byta ut med nye turar for kvart år, slik at ein over tid kan få vitja enno fleire stader i kommunen. Under Covid 19 pandemien auka talet på personar som nytta seg av Kystpasset, dramatisk. Dette var eit fantastisk godt tiltak for å aktivisera folk i ei vanskeleg tid. At ein kunne registrera turane på mobiltelefonen reduserte faren for å smitta andre. Sidan kvart Turpass varer eit heilt år, gjev det moglegheit for dei fleste til å klara dei fleste turane. Folk ein snakkar med meiner dei er komne i betre form etter at dei har byrja å gå turane i Kystpasset. Eg meiner Sotra Øygarden Turlag sin innsats for å laga dette tilbodet som Kystpasset er, kvalifiserer til å få årets Folkehelsepris.»



Folkehelseprisen 2022 Øygarden kommune

Sotra og Øygarden turlag

Med Kystpasset har Sotra og Øygarden Turlag aktivisert mange tusen personar frå Øygarden kommune og mange andre stader i Noreg. Det er laga eit nytt kystpass for kvart år etter starten i 2013. Ein treffer mange folk ute i løypen kvar gong ein er ute på ein av turane. Her treffer ein folk i alle aldrar, frå dei som sit i beremeisen til mor eller far til dei som støttar seg til både ein og to stavar. God trim, god balansetrening, oppleving av vår vakre natur er nokre av dei gode argumenta for å nytta Kystpasset.

Er ikkje dette folkehelse, so veit ikkje eg.


Christel Møvik-Olsen
einingsleiar kultur


Tom Georg Indrevik
ordførar

• Larslibua



Sotra Øygarden Turlag har tilsynsavtale på dagsturhytta Larslibua. Hytta er framleis populær, sjølv om det har opna to dagsturhytter til i kommunen. Det vert utført tilsyn annakvar veke gjennom heile året. Inntrykket er at hytta vert godt teken vare på av dei som besøker den, men det har vore fleire tilfelle i 2023 der me har opplevd at hytta har vore ganske skiten ved tilsyn. Me har fått opp fleire infoskilt om bruk av hytta.

Det har vore problem med fukt inni hytta, men dette betra seg etter at me fekk ny ventil. Noko av inventaret måtta kastast grunna fukt. Det er også ein del bøker som har blitt øydelagt etter flittig bruk. Det er bestilt ny bokpakke.

Det har gått unna med vedlageret. Ved enkelte tilsyn har det blitt registrert at veden har blitt brukt til bål utanfor hytta. Me fekk opp tydelegare skilt etter at me registrerte fleire tilfelle av dette. Det er viktig at me har nok fyring til peisen inni hytta då dette bidreg til vedlikehald av god inneluft i hytta.

Det er registrert 1215 innsjekk på Larslibua i heile 2023. Dette er ei auke mot 912 innsjekk i 2022. Det er også mange som besøker dagsturhytta utan å sjekke inn i appen. Me har fått oppretta ei eigen Facebookside for Larslibua.



OBS!

Veden i vedlageret er **KUN** ment til bruk i ovn.
Hyttas vedlager skal **IKKE** brukes til bål ute.



• Møter og foredrag

Sotra Øygarden Turlag har vore representert på fleire foredrag og møter utanom lokallaget i 2023

MØTER:

- Årsmøte BHT (styreleiar i SØT var ordstyrar)
- DNT sitt landsmøte i Trondheim (styreleiar)
- Fellesmøte haust, med alle lokallaga i BHT (styreleiar)
- Folkemøte i Telavåg for orientering om naturvernområde (styreleiar)
- Samarbeidsmøte med kommunen vedr. dagstyrhyttene (styreleiar og nestleiar)
- Fleire samarbeidsmøter mellom Husflidlaget, Museum Vest og kommunen (styreleiar)
- Møte med foreninga Nytt Fellesskap for vurdering av samarbeid (styreleiar)

FOREDRAG:

- Orientering om SØT sitt tilbud gjennom foredrag på vaksenopplæringa (styreleiar)
- Foredrag på Biblioteket med foreninga Nytt Fellesskap (styreleiar og turleiar i Onsdagsgruppa)



Fellesmøte i Lofthus. Foto: André Marton Pedersen



Landsmøte i Trondheim. Foto: Marius Dalseg



• Opptur

3. mai arrangerte me Opptur for 8.-klassingar. Dette er eit nasjonalt arrangement der alle 8-klassingar i heile Noreg vert inviterte til tur i regi av DNT.

Dette var Sotra Øygarden Turlag sitt første Opptur arrangement etter pandemien. Over hundre 8.-klassingar frå Stranda skule gjekk på tur frå Stranda til Kleppaksla, Vetten, Storevarden og ned igjen til Stranda. Det var quiz langs løypa. Mørke skyer trua i aust, men dei nådde aldri ut til oss. Me hadde sol heile dagen, og ungdomane gjennomførte turen med glans.

I målområdet var det god stemning med musikk og utdeling av T-skjorter og frukt. Det vart også trekt premier på quizkorta som vart levert inn. Onsdagsgruppa og Tirsdagsgruppa stilte med mange frivillige som var stasjonert på kvar sin klippepost. Styreleiar var med rundt i traséen og tok bilete av dei spreke ungdomane.

Tusen takk til alle som deltok, og spesielt takk til dei frivillige som stod på både før, under og etter arrangementet. Takk også til Kiwi Sund Senter for sponning av frukt.

• Kom Deg Ut-Dagane

Me arrangerte Kom Deg Ut-dagen både vinter og haust i 2023.

I februar hadde me eitt KDU-arrangement på Rambua dagsturhytte, i samarbeid med Flåten og Knarvik vel. Det var flott vær og mange som møtte opp.

Det vart servert wraps ute ved Rambua. I tillegg hadde me ansiktsmaling inni hytta. Dette var populært for både store og små. Turbo var også innom og dansa nokre runder rundt hytta, til stor glede for dei små.

I august / september hadde me to KDU arrangement.

26. august hadde me kombinert Kom Deg Ut-dag og Kystpassfest ved Larlibua.

I tillegg integrerte me konseptet "turmat frå heile verda" i dette arrangementet.

Me fekk servert smaksrike rettar frå Nord Kurdistan. Good Time Charlie holdt konsert for oss og me hadde fleire aktivitetar rundt Larlibua, som ansiktsmaling, lykkehjul, quiz med premietrekning og bålpanne med grilling av pølser.

Med skikkeleg sommarvarme vart dette ei flott markering av 10-årsjubileet til Kystpasset. Me fekk god hjelp frå Tirsdags- og Onsdagsgruppa på dette arrangementet, så me var tilsaman 16 frivillige.


Laurdag 2. september arrangerte me Kom Deg Ut-dagen på Rambua, i samarbeid med Flåten og Knarvik vel. Me hadde både quiz, ansiktsmaling og kastespel på programmet.

Turbo var også innom ein tur.

Ved stistart fekk alle tilbod om wraps som niste på turen. Dette falt i smak hjå både store og små. Stor takk til Kiwi Ågotnes torg som sponsa oss på begge Kom Deg Ut-dagane ved Rambua.

Takk også til alle som møtte opp, og ein ekstra takk til elevar ved Øygarden Ungdomsskule som hjalp til med å bære ut premier og utstyr til arrangementet.





• Stand på Sartor

Under frivilligdagane i april vart me inviterte til å ha stand på Sartor. Sotra Øygarden Turlag stilte med stand både fredagen og laurdagen.

På fredagen var det representantar frå Onsdagsgruppa som stod på stand. Dei hadde base inne på senteret og fekk stå der heile dagen.

På laurdagen var det representantar frå styret og Turboklubben som stod på stand. Denne dagen hadde me base ute. Det var strålende sol og det var mange som besøkte standen.

Me hadde fleire aktivitetar på vår stand:

- Utdeling av Kystpass, turkart og flyer om Sotra Øygarden Turlag
- Lykkehjul med DNT-premier
- Gjettekonkurranse: "gjet tyngda på steinen"
- Turbomaskoten

Turbo var populær og han bevegde seg rundt både inne på og utanfor Sartor. Det vart delt ut sjokolade og high fives.

Det var mange stands på Sartor denne helga. Sotra Øygarden Turlag gjekk nesten til topps med 2. plass på kåringa av beste stand.

• Samarbeid med andre

For å kunne gje eit så rikt friluftslivstilbod som mogleg har Sotra Øygarden Turlag hatt samarbeid med fleire organisasjonar i 2023.

• Foreninga Nytt Fellesskap, Biblioteket og Innbyggjartorget

I juni vart me invitert til å halde foredrag på Biblioteket for foreninga Nytt Fellesskap. Foredraget vart godt motteke, og me kom fram til at me ynskja å samarbeide vidare. I desember var me med på å arrangere aktivitar. Sotra Øygarden Turlag arrangerte ein guida tur og eit arrangement med isbading og sauna. Grunna dårleg vær, og truleg for tett opp mot julaftan var det ingen som møtte på den guida turen. Det var godt oppmøte på isbadinga. Dette er noko me ynskjer å halde fram med i 2024, men me må avklare tryggleikskrava når me samarbeidar med andre organisasjonar.

• Vaksenopplæringa

I juni vart me inviterte til å halde foredrag på vaksenopplæringa. Målgruppa var ukrainske og syriske flyktingar. Hovudtemaet var introduksjon til DNT / Sotra Øygarden Turlag og friluftsliv. Det var mange som møtte på foredraget og fleire tok kontakt med oss i etterkant og ville vite meir om vårt tilbod. Fire av deltakarane vart med som frivillig på Kom Deg Ut-dagen.

• Fjell Kulturminnelag

Turleiar frå Onsdagsgruppa var med som turleiar på ei kulturminnevandring som vart arrangert av Fjell Kulturminnelag den 18. Juni. Turen gjekk til Høybøen. Professor Knut Bergsvik som er arkeolog frå Universitetet i Bergen var med på turen. Han formidla på ein framifrå måte om dei ulike kulturminna på Vindenes. Høybøen er opprinneleg ein gard frå eldre jernalder på Vindenes.

• Husflidlaget og Museum Vest

Husflidlaget og Museum Vest har base på Gjerdet Kulturminnegard. Dette er nabohuset til Turlagshuset. Me har hatt fleire samarbeidsmøter i løpet av 2023. Turlaget har inngått avtale om å få disponere løa og Gjerdet kulturminnegard.

• Flåten og Knarvik vel

Det vart arrangert påskeeggjakt i Planteskogen. Sotra Øygarden Turlag var medarrangør på dette arrangementet. Me delte ut Kvikk lunsj og Kystpass. Det var fleire hundre som kom. I tillegg har me som nemd tidlegare samarbeida på Kom Deg Ut-dagane.



Frå kulturminnevandringa



Frå "turmat frå heile verda" på Kom Deg Ut-dagen



Frå isbadinga

TURGRUPPENE



- **Barnas Turlag / Turboklubben**

Det er vore mangel på turleiarar i Barnas Turlag og Turboklubben i 2023. Det har ikkje vore noko fast Turboklubb dette året. Leiar for Turboklubben har arbeida med rekruttering. Hausten 2023 var det nokon som meldte si interesse for å drive Turboklubben vidare. Arbeidet med oppstarten startar i 2024.

I mai var det Turboklubbssamling for aktive turleiarar i Turboklubbane i Bergen og Hordaland turlag. Me hadde ei flott helg på Rongevær Kysthytte, med mykje kystfriluftsliv og sosialt samvær.

Barnas Turlag hadde eitt arrangement i mars. Då vart det arrangert stranddryddedag på Ormhilleren, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd. Her var det godt oppmøte med rundt 30 deltakarar. Det var flott vær og det vart rydda mykje boss. Borna fekk også tid til å utforske fjøra og grille pølser på bål.



• Søndagsgruppa

Turåret starta 19. mars, og siste tur var 5. november. Det har vore arrangert 15 turar, der 13 av dei var jamnt fordelt frå sør til nord i Øygarden kommune. I tillegg besøkte vi Viggohytten og arrangerte 7-fjellsturen for 30. gong. Deltakarar på turane har variert frå 6 til 27 personar. Turen til Bekhilderen var svært våt og tung, så sprekt at 6 deltakarar møtte opp. Til 7-fjellsturen møtte det 17 personar som fekk ein flott tur i fint vårvær. Den gjekk av stabelen 21. Mai. Traséen var som vanleg frå Haganes til Spjeldsfjellet. I gjennomsnitt har det delteke 13 personar pr. tur. Ingen av turane har blitt avlyst. 7 turleiarar har delt på turane. I tillegg har vi nytta oss av kjentfolk som har bidratt med lokalhistorie der vi har ferdast. 2023 har vore eit vellukka turår med mange gamle og nye deltakarar i Søndagsgruppa. Leiar for søndagsgruppa avsluttar sitt verv som leiar. Det vert drøfta vidare i 2024 kva me ynskjer vidare for denne turgruppa.

Takk for godt frammøte, fint samhald og godt humør!

• Tirsdagsgruppa

Tirsdagsgruppa starta turåret 28.02. Tradisjonen tru gjekk den første turen til Bestemortre. Me hadde 29 turar på kalenderen alle turane vart gjennomførte med tilsaman 493 deltakarar. Fem av turane var planlagde til andre kommunar i Vestland fylke. To av turane måtte endrast, grunna snø og is. Oppmøte varierte frå 5 til 32 deltakarar. Det var alltid med to turleiarar. Dei mest populære turane, var dei som gjekk til Bekhilderen, Bekkjarvik, Fedje, Glesnes og Lerøy. Dei siste turane vår og haust gjekk til Bekkjarvik og Glesnes. Der fekk vi servert deilig fiskesuppe. Ingen uhell registrert på turane 2023. Vi har hatt 8 turleiararmøter dette året.



- **Onsdagsgruppa**

Onsdagsgruppa har hatt til saman 32 turar/arrangement i 2023. Det aller meste har vore her i Øygarden, men vi har bevega oss ut av kommunen dette året også, med tre turar i Fana og éin på Askøy. Første turen etter sommarferien vart ein heildagstur til Kvamskogen. Fin tur i terrenget og sosial samling ved hytte etterpå. Der fekk vi mat og drikke til å styrke oss på før bilturen heim att. I snitt per samling har vi vore 28,6 personar, derav alltid to turleiarar med på tur. Dette året har vi vore åtte aktive turleiarar. Gro Harriet Instebø er ny turleiar i år. Alle dei aktive turleiarane i vår gruppe har turleiar kurs. Sigrid E. Steffensen sluttar etter sju år som turleiar. Ho hadde siste tur som turleiar til Smøråsfjellet i november. Takk til Sigrid for innsatsen med mange fine turar, og alltid litt historie om der vi går.

Vi turleiarane i Onsdagsgruppa har vore samla til tre turleiar møter. I tillegg har vi delteke på to felles turleiar/frivilligmøter saman med andre grupper i turlaget. På våre turar i 2023 er det registrert eitt uhell. Den uheldige fall i turløypa, og måtte avbryte turen. Ein turleiar og ein turgåar hjalp til slik at den skadde kom seg til legevakta.

Seniorane er grei å ha til hjelp ved andre arrangement i turlaget. Fleire i gruppa vår har vore til hjelp med stand på Sartor senter, ved Kom Deg Ut-dagane, ved dugnad på stien til Grana og ved Opptur.

Den 29. November hadde vi avslutning av turåret med sosialt samvær Det var fint tillaga, god mat og ei koseleg stund. Turåret 2023 har vore eit bra år, fine turar og mange kjekke turfolk.



• Dugnadsgruppa

I 2023 har me endra på organiseringa av Dugnadsgruppa. Dei siste åra har det vore utfordrande å finne ein leiar for Dugnadsgruppa. I staden har me no oppretta ei Facebookgruppe på Facebooksida til Sotra Øygarden Turlag. Det var stor respons då gruppa vart oppretta og me har hatt mange deltakar på dugnad i 2023. Det er styret i Sotra Øygarden turlag som oppretter dugnadsaktivitet i Facebookgruppa. Det største dugnadsprosjektet i år har vore på stien til Grana "Livets Portal". GC Rieber Fondene har sponsa oss raust med midlar til å utbetre denne stien. Prosjektet er ikkje ferdigstilt enno. På seinhausten i 2023 var det ikkje mogleg å gjere meir grunna frost i bakken. Me vidarefører prosjektet til 2024.

Me har også hatt godt samarbeid med andre lag og organisasjonar:

- Sekkingstad velforening: utbetring av stien mellom Apalvågen og Fjæreide
- Technip FMC (iVolunteer): utbetring av stien til Bekhilderen og stien til Grana
- Flåten og Knarvik vel: utbetring av stien til Steinsvatnet

• Lager og møtelokale

Turlaget har lager i Turlagshuset på Gjerdet. Tidlegare Sund Turlag hadde avtale om lagring av utstyr på Tveitane 13. Denne avtalen er no oppheva grunna sal. Det meste er flytta til Turlagshuset. Dei siste åra har Turlagshuset fungert mest som lagringsplass grunna mangel på vatn og avløp. Me har fått til ein avtale med Gjerdet kulturminnegard, slik at me kan nytte fasilitetane der dersom me har behov for tilgang til vatn og toalett. Me har også høve til å nytte huset og løa til aktivitet og møteverksemd.

Styret i Sotra Øygarden Turlag har nytta Sotra Arena sine møtelokaler ved gjennomføring av styremøte grunna betre tilgang til nett og IT-utstyr.



Figur: DNTs fem plikter for aktivitet

• Frivillige i Sotra Øygarden Turlag

Det er mest frivillige i seniorgruppene. Dei yngre gruppene har hatt utfordringar med å rekruttere nye frivillige. Me har fokusert på rekruttering, der me mellom anna har laga ein flyer som me har delt ut på fleire arrangement.

• Turleiarutdanning

Sotra Øygarden Turlag har registrert rundt 30 turleiarar med grunnleggande turleiarutdanning. Det er ein del av desse som ikkje har vore aktive dei siste åra. Vi ynskjer å ha flest mogleg sertifiserte turleiarar, for å sikra høg kvalitet på våre aktivitetar. I april arrangerte leiar i Onsdagsgruppa eit nærturleiarkurs. Det var fem personar som gjennomførte kurset. I haust arrangerte me kurs for alle frivillige for opplæring i DNT sitt nye aktivitetssystem.

• Tryggleiksarbeid

Sotra Øygarden Turlag har fokus på tryggleik knytt til våre arrangement. Me har faste rutiner for varsling av uheldige hendingar. Alle turleiarar skal ha «turlederens beredskapsplan» med i sekken. I tillegg er det krav om at alle turleiarane har førstehjelpskurs. Turleiarane må etterleve krav og plikter for å oppnå DNT sine målsetjingar for tryggleik. Sjå figur, dei fem pliktene.

DUGNADSTIMAR

| Dugnad | Komité / styrearbeid | Turleiar / instruktør | Feltarbeid | Anna | Totalt |
|------------------|----------------------|-----------------------|------------|------|--------|
| Tal aktivitetar | 35 | 131 | 22 | 4 | 192 |
| Tal deltakarar | 140 | 278 | 81 | 6 | 505 |
| Tal timar totalt | 714 | 2136 | 469 | 15 | 3334 |

Alle dugnadstimane totalt utgjør 1,9 årsverk.

| Turar og kurs | Vaksne | | Born / familie | | Ungdom | | Senior | | Opne arrangement | Turpostar | Medlemsmøte | Totalt |
|-------------------|--------|------|----------------|------|--------|------|--------|------|------------------|-----------|-------------|--------|
| | Tur | Kurs | Tur | Kurs | Tur | Kurs | Tur | Kurs | | | | |
| Antal arrangement | 2 | 1 | 3 | - | 1 | - | 75 | - | 3 | 30 | 1 | 86 |
| Antal deltakarar | 19 | 5 | 580 | - | 112 | - | 1269 | - | 194 | 116.000 | 39 | 2218 |
| Deltakardagar | 19 | 5 | 930 | - | 112 | - | 1395 | - | 194 | 116.000 | 39 | 2694 |

STYRET

Styret i Sotra Øygarden Turlag 2023

| | |
|---------------------------|---|
| Heidi Reisegg Endal | Styreleiar. Leiar for Barnas Turlag og Turboklubben |
| Vidar Tverfjell | Nestleiar. Tilsynsleiar Larslibua |
| Lars Bjoland | Kasserar |
| Helene Kleppe | Skrivar |
| Gitte Gjaldbær Bjørøy | Styremedlem |
| Anne-Liv Foldnes Bjørsvik | Varamedlem. Leiar for onsdagsgruppa |

Valnemnda 2023

| |
|------------------------|
| Rune Alvsaker Erichsen |
| Bjørn Nesbø |
| (N.N.) |

• Styret sitt arbeid

I løpet av 2023 har styret hatt 7 styremøter. Dei fleste styremøtene hadde me i møtelokale på Sotra Arena. Eitt styremøte hadde me ute i skjergarden rett før sommarferien. Det siste styremøtet vart holdt på restaurant, då dette var styremøte kombinert med juleavslutning. I tillegg var delar av styret med på planleggingsmøte i forkant av stand på Sartor.

Desse sakene har hatt mest fokus i 2023:

- Kystpasset
- Aktivitetar
- Oppretting av ny heimeside og nytt aktivitetssystem
- Arbeid med sosiale medier
- Rekruttering av medlemmer og frivillige, stand på Sartor
- Samarbeid med andre organisasjonar



• Rekruttering

Ved utgangen av 2023 hadde Sotra Øygarden Turlag 1620 medlemmer. Dette er ein nedgang på 0,2%. Per i dag er det 4,1% av innbyggjarane i Øygarden som er DNT-medlem.

Styret arbeider med rekruttering. I 2023 fekk me produsert ein flyer som me delte ut på våre arrangement. Det er mange som nyttar seg av vårt turlag, som til dømes Kystpasset, som ikkje er medlem. Me vil halde fram med fokus på rekruttering. Medlemskapa gjev oss mellom anna midlar til å halde stiar ved like.

MEDLEMSUTVIKLING SISTE 5 ÅR:

| År: | 2019* | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-----------------|-------|------|------|------|------|
| Antal medlemmar | 1366 | 1601 | 1710 | 1624 | 1620 |

*2019 var før stiftinga av Sotra Øygarden turlag. Denne summen er frå tidlegare Fjell Turlag og Sund Turlag, samt dei som var registrert som medlem i gamle Øygarden Kommune.

- **Digitale kanalar**

Sotra Øygarden Turlag sin største digitale informasjonskanal er Facebook. I starten av februar hadde me 2377 følgjarar, noko som betyr at me har hatt ei god auke i følgjarar i 2023. Me har også ein Instagramkonto der det i starten av februar var 1042 følgjarar. Dette er også ei auke frå 2022.

Heimesida vår dnt.no/sotra-oygarden vert også nytta til å formidle informasjon.

I 2023 vart heile datasystemet til DNT lagt om til eit nytt og betre system. I oktober vart den nye heimesida vår publisert. Ein av fordelane med det nye systemet er at alle lag og foreningar i DNT nyttar same felles innhald. I tillegg har me fått eit nytt aktivitetssystem som er knytta til den nye heimesida. Dette systemet er meir oversiktleg og enklare for dei frivillige å bruke.

Sotra Øygarden Turlag har vore intervjuet i Vestnytt i samband med lanseringa av Kystpasset. Det er mange av innbyggjarane som har eit eksemplar av Kystpasset, så dette er også ein viktig kanal for formidling av informasjon om turlaget.





• Eksterne gaver og stønad til Sotra Øygarden Turlag

| | |
|---|---------|
| GC Rieber Fondene | 58.000 |
| Spleis innsamling Gutta på Tur | 22.262 |
| Sponsormidler Kystpasset 2023 | 96.000 |
| Private givarar Kystpasset 2023 | 800 |
| Tippemidler grasrotandel | 33.125 |
| Dagsturhytta | 10.000 |
| Folkehelseprisen | 10.000 |
| Norsk friluftsliv, prosjekt inkludering | 3000 |
| Tilskot frå Øygarden Kommune | 30.000 |
| Total | 263.187 |

Økonomi:

Sjå egne lenker ved årsmeldinga på heimesida.